

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET
Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Dato: 01.03.2019
Vår ref.: 2019/623-2
Saksbehandlar: josaksd
Dykkar ref.:

Oversending av Hordaland fylkeskommune sine innspel til stortingsmelding om kulturminnepolitikken

Hordaland fylkeskommune sender over våre innspel og merknader til sak om ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken. Saka har vore handsama i Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Jostein Aksdal
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding gjer ei evaluering av tidlegare vedtekne mål og i kva grad desse er nådd.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at kulturarven i større grad må gjerast til ein premissleverandør i samfunnsplanlegginga.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må starta opp nasjonale prosessar for å møte klimaendringane og at strategiar for klimatilpassing vert forankra og tilpassa lokale og regionale utfordringar.
4. Hordaland fylkeskommune ber departementet å greie ut og vurderer meir effektive verkemiddel for å hindre spekulativt forfall.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at stortingsmeldinga gjer vurderingar av forskingsbasert forvaltning og korleis ein gjennom samhandling kan verka å styrka fagområda.
6. Fylkeskommunen ber om at ein i ny kulturminnemelding drøftar samhandling mellom kulturminnevern, folkehelse og inkluderande arbeid.
7. Hordaland fylkeskommune meiner at i prosessane med å definere og forvalte kulturarven er det naudsynt med ei brei involvering og inkludering.
8. Hordaland fylkeskommune tilrår fylgjande mål for kulturminnepolitikken i Noreg:
 1. *Styrka innsats for å verne om og sikre kulturarven i Noreg*
 - 1.1. *Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.*
 - 1.2. *Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.*
 - 1.3. *Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.*
 - 1.4. *Eit inkluderande samfunn der kulturarven vert nytta til å byggje fellesskap, skape attraktivitet, stadtilhøyrse og identitet.*
9. Hordaland fylkeskommune meiner departementet må vurdere om fylkeskommunane bør få sjølvstendig mynde knytt til freding av regionale kulturminneressursar



Arkivnr: 2019/623-1

Saksbehandlar : David J Aasen Sandved, Inger Lena Gåsemyr, Erlend Hofstad, Monika Serafinska, Jostein Aksdal,

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.02.2019
Fylkesutvalet		21.02.2019

Innspel til ny stortingsmelding om ny kulturminnepolitikk - Hordaland fylkeskommune

Samandrag

Regjeringa har starta arbeidet med ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken. Meldinga skal etter planen leggjast fram for Stortinget våren 2020 og vere eit grunnlag for drøfting om framtida sin kulturminneforvaltning og kva tyding kulturminnevernet har for samfunnet. I meldinga skal det óg leggjast fram forslag til nye nasjonale mål på kulturminnefeltet. Regjeringa har ynskja å nytte meldingsarbeidet til å skape større merksemd og debatt om kulturminnepolitikken og bede fylkeskommunen om innspel til denne.

Invitasjonen til deltaking om ny kulturminnemelding er open og vidfemnande, men det er og vist til fleire moment som vert viktige i ny melding om kulturminnepolitikken.

- Kulturminne i alle valørar verkar inn både på miljø, kulturliv, sosialt og økonomisk.
- Det skal vera eit nasjonalt, men og eit internasjonalt fokus.
- Kulturminnepolitikken skal vera ein integrert del av samfunnslivet, ein skal søkje størst mogleg forankring gjennom demokratisk deltaking knytt til kulturarven.
- Effektiv bruk av ressursar og gjenbruk vil være styrande prinsipp i utforminga av framtida sin kulturminnepolitikk
- Regjeringa signaliserer og at kulturminnepolitikken må vera realitetsorientert og tilpassa forvaltningsstrukturen framover.

Kulturminnepolitikken er ein integrert del av ein moderne klima- og miljøpolitikk. Klima- og miljødepartementet legg opp til at ei ny stortingsmelding skal setja fokus på korleis kulturminne, kulturmiljø og landskap både er viktige ressursar for lokalsamfunna og korleis kulturarven kan vera med å styrka samfunnsutviklinga framover. Kulturminnepolitikken kan ikkje vera noko som berre vedkjem dei spesielt interesserte. Kulturminne i alle valørar verkar inn både på miljø, kulturliv, sosialt og økonomisk. I ein framtidsretta politikk på kulturminnefeltet vert det sentralt å leggja til rette for at alle kan engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Regjeringa legg opp til at stortingsmeldinga byggjer vidare på dei rammene i St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*. Endring i klima, urbanisering, demografiske endringar, aukande grad av ein digital kvardag, gjev ulike utfordringar med omsyn til kulturarven. I ei verd med store demografiske endringar, vil kulturarven kunne vera med på å styrke dialog, kjensla av tilhøyrslse og identitet. Samstundes vil ein godt forvalta kulturarv gje grunnlag for kunnskap og opplevingar. I ein samanheng der endringar i klima er vår tids største utfordring, skal effektiv bruk av ressursar og gjenbruk være styrande prinsipp i utforminga av

framtida sin kulturminnepolitikk. Samfunnsøkonomiske realiteter og nye forvaltningsstruktur vil også legge viktige føringar for kulturminnepolitikken i de neste tiåra.

Fylkesrådmannen ser at ved å sjå kulturminne og kulturarv som del av samfunnsstyringa, vil styrkja deltaking, demokratisk forankring. Det er viktig å gjera ein politikk på miljø, kulturliv og økonomiske prioriteringar best mogleg – ved å integrere ein klar og tydleg politikk på feltet styrkar ein óg samhandlinga mellom tema i samfunnspolitikken. Det er viktig å vera open for impulsar, men óg vera stolt av vårt eige og søkja å leggja til rette for internasjonale bidrag. Fokus på effektiv bruk av ressursar er viktig og vert best gjennom lokal og regional styring. Når regjeringa legg opp til at nasjonal kulturminnepolitikk skal vera realitetsorientert, må dei politiske organa vera i stand til å respondere på utfordringar og behov innan kulturminnelivet. Det er såleis viktig at ein stimulerer til eit aktivt kulturminnefelt som kan delta i lokal, regional og nasjonal politikk på feltet. Hordaland fylkeskommune finn det viktig å spele inn til ei slik melding. Her vil me spele inn tematikk til ny melding og vise til problemstillingar og utfordringar i kulturminnepolitikken.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding gjer ei evaluering av tidlegare vedtekne mål og i kva grad desse er nådd.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at kulturarven i større grad må gjerast til ein premissleverandør i samfunnsplanlegginga.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må starta opp nasjonale prosessar for å møte klimaendringane og at strategiar for klimatilpassing vert forankra og tilpassa lokale og regionale utfordringar.
4. Hordaland fylkeskommune ber departementet å greie ut og vurderer meir effektive verkemiddel for å hindre spekulativt forfall.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at stortingsmeldinga gjer vurderingar av forskningsbasert forvaltning og korleis ein gjennom samhandling kan verka å styrka fagområda.
6. Fylkeskommunen ber om at ein i ny kulturminnemelding drøftar samhandling mellom kulturminnevern, folkehelse og inkluderande arbeid.
7. Hordaland fylkeskommune meiner at i prosessane med å definere og forvalte kulturarven er det naudsynt med ei brei involvering og inkludering.
8. Hordaland fylkeskommune tilrår fylgjande mål for kulturminnepolitikken i Noreg:
 1. *Styrka innsats for å verne om og sikre kulturarven i Noreg*
 - 1.1. *Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.*
 - 1.2. *Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.*
 - 1.3. *Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.*
 - 1.4. *Eit inkluderande samfunn der kulturarven vert nytta til å byggje fellesskap, skape attraktivitet, stadtilhøyrse og identitet.*
9. Hordaland fylkeskommune meiner departementet må vurderer om fylkeskommunane bør få sjølvstendig mynde knytt til freding av regionale kulturminneressursar

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.01.2019

Regjeringa har starta arbeidet med ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken. Meldinga skal etter planen leggjast fram for Stortinget våren 2020 og vil eit grunnlag for diskusjonen om framtida sin kulturminneforvaltning og kva tyding kulturminnevernet har for samfunnet. I meldinga skal det òg leggjast fram forslag til nye nasjonale mål på kulturminnefeltet. Regjeringa har ynskja å nytte meldingsarbeidet til å skape større merksemd og debatt om kulturminnepolitikken og bede om innspel til denne.

Kulturminneforvaltninga i Noreg

Klima- og miljødepartementet har ansvar for strategi- og politikktutvikling, samt å fylgje opp ratifiserte, internasjonale konvensjonar på kulturminneområdet. Riksantikvaren, direktorat for kulturminneforvaltning, har ansvar for å gjennomføre statleg kulturminnepolitikk. Frå 1990 har fylkeskommunane og Sametinget hatt delegert mynde etter kulturminnelova og ansvar for iverksetting og oppfylgning av nasjonal kulturminnepolitikk. Hordaland fylkeskommune sin kulturminnepolitikk er nedfelt i *Premiss: kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.

Kommunane har ikkje mynde etter kulturminnelova, men eit viktig ansvar for å regulera lokale og regionale kulturminne til vern i arealplanar etter plan- og bygningslova. Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging, vedteke i kongeleg resolusjon den 12. juni 2015, har slått fast at kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminner i tråd med nasjonale mål.

Nye nasjonale mål

I 2015 vart FN sine berekraftsmål vedteke. Dei 17 måla og 169 delmåla er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe endringane i klimaet innan 2030. Målet er å få ei felles, global retning for utviklinga. FN sin kulturminnepolitikk kjem til uttrykk under delmål 11.4, som er å *styrke innsatsen for å verne om og sikre verdas kultur- og naturarv*. Indikatoren for målet er totalen av utgifter per person (offentleg og privat) til vern. På bakgrunn av rekneskap i kommunar kan indikatoren her til lands reknast av SSB.

Norsk kulturminnepolitikk må sjåast som del av det samla arbeidet for å løyse dei internasjonale miljøutfordringane. Fylkesrådmannen meiner at nasjonal kulturminnepolitikk må å støtte opp om FN sine berekraftsmål og vil tilrå at det overordna målet i norsk kulturminnepolitikk vert:

1. Styrka innsats for å verne om og sikre kulturarven i Noreg

I framlegg til nasjonalbudsjett 2018 vart det fremma forslag om tre nye nasjonale mål i politikken innan kulturminnefeltet. Hordaland fylkeskommune meiner framlegget har gode kvalitetar og er framtidsretta, og vil tilrå at dei tre vert delmål under det overordna målet om *styrka innsats for å verne om og sikre kulturarven i Noreg*:

- 1.1 Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.
- 1.2. Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.
- 1.3. Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Eit mangfald av kulturminne

Nasjonalt vert det lagt opp til at Noreg skal ha eit vidt spekter av kulturminne som kan representere alle folk sin kulturarv. Det skal femna om gammalt og nyare, materielt og immaterielt. Det skal vera eit mål at kulturarven skal vera aktuell og tilstade i samfunnet. Fylkesrådmannen ser at når nye nasjonale mål skal definerast bør dei sjåast opp i mot eksisterande nasjonale miljømål for kulturminne og kulturmiljø:

2.1: *Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast*

2.2: *Eit prioritert utval arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*

2.3: Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020

2.4: Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020

Det er eit viktig prinsipp å byggje på ei brei evaluering av dei eksisterande måla: både i kva grad dei er nådd, og om måla er utforma på ein slik måte, som gjer ei vurdering mogleg. Fylkesrådmannen vil vi peika på svakheiter ved dei eksisterande resultatmåla: For mål 2.1 er det i realiteten vanskeleg å måla tap av kulturminne. «Verneverdige kulturminne» ikkje er godt definert, og når ein uansett definisjon, ikkje har god oversikt over kulturminna, vert måling av resultat usikkert. Mål 2.2 og 2.3 skulle vera nådd innan 2020, men blir det truleg ikkje. Fylkesrådmannen ser at uavhengig av realismen i å nå måla, har det både fordelar og ulemper å knytte målet til eit bestemt årstal, dette bør det gjerast ei nærmare vurdering av i ny stortingsmelding, serleg i høve føresetnaden om styrking av sektoren i nasjonalbudsjettet.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding gjer ei evaluering av tidlegare definerte mål og i kva grad desse er nådd.

Heilskapleg samfunnsplanlegging

Stortingsmelding nr. 16 (2004–2005) la til grunn at kulturminne skal vera ein del av ein meir heilskapleg samfunnspolitikk, og ein viktig del av samfunnsplanlegginga. Fylkesrådmannen ser at det er gjort grep i ulike lovverk som er viktige for å sikre gode prosessar. Det er likevel utfordringar der lokale og regionale prosessar må imøtegå ein statleg forvaltning. Fylkesrådmannen meiner at ny stortingsmelding må ta opp interaksjon mellom lovverk og forvaltningsnivå på ein tydleg måte. I ein framtidig kulturminnepolitikk må kulturarven i større grad vere ein premissleverandør inn til ei meir heilskapleg samfunnsplanlegging.

Kulturminnevern femnar om eit spekter av kulturminne, der særleg bygningsvern kjem i grenseområdet mellom verneinteresser og ny bruk. Fylkesrådmannen viser til at feltet i Hordaland har ein definert tanke om ressurseffektiv bruk alltid skal vurderast opp imot kulturminneverdi. Regjeringserklæringa peikar òg på denne samanhengen: «*Den bygde kulturarven er også en ressurs i et gjenbruksperspektiv. Ny bruk av gamle bygninger bidrar til å redusere klimagassutslippene og redusere produksjonen av avfall, og er slik sett et bidrag i omstilling til sirkulærøkonomien og et moderne og bærekraftig lavutslippssamfunn. Kulturminner og kulturmiljøer spiller også en sentral rolle i bærekraftig byutvikling.*» Kulturminna og kulturmiljøa sitt ibuande potensiale for gjenbruk og effektiv ressursbruk kan difor vere med å sikre meir berekraftige forbruks- og produksjonsmønstre.

Fylkesrådmannen ser at nettopp ei klar og tydleg drøfting av bruk og utvikling av verneverdige og freda kulturminne er viktig i ei ny stortingsmelding. Dette vil vera med på å styrka ei lovheimla forvaltning i samfunnsplanlegginga.

Fylkesrådmannen viser til at arbeid med bevaring gjev ei sosial og økonomisk verdiskaping. Gjennom auka aktivitet lokalt, ein kan få økonomisk lønsemd og sysselsetting i samband med produksjon, sal av varer og tenester knytt til kulturminna. I ein veksande opplevingsøkonomi, peikar Fylkesrådmannen på at det må leggjast til retta for eit meir berekraftig reiseliv. Vidare vil musea, som forvaltar og formidlar ein felles kulturarv, måtte ha betre rammevilkår i høve investering og drift. Vedlikehaldsetterslepet på museal kulturhistorisk eigedom må reduserast og musea må utvikla seg som sterke kunnskapsentra. Freda kulturminner og kulturmiljø som vert forvalta av musea skal vere døme på beste praksis, då deira primære funksjon er bli forvalta og forska på av profesjonelle og vist fram til publikum.

Forslag til vedtak:

Hordaland fylkeskommune meiner at kulturarven i større grad må gjerast til ein premissleverandør i samfunnsplanlegginga.

Kulturminnearbeid som ein integrert del av klima- og miljøpolitikken

Utfordringane med endring i klima er uløseleg knytt til berekraft. Både dei nasjonale og regionale, og lokale kulturminna i lokalsamfunnet har ein miljøverdi og opplevingsverdi. Berekraft gjeld både natur- og kulturlandskap, bygningar og andre faste kulturminne. Teknisk levetid for bygg og infrastruktur av alle slag

vert kortare. Vidare bruk av kulturlandskap og bygningar er eit spørsmål om ressurs- og energibruk. Kulturminneverdiar kan igjen redusere klimafotavtrykket. Samfunnsøkonomiske analyser, som definerer kulturminneverdiar som ikkje-prissette faktorar/ verknader på samfunnet, bør reviderast i høve til dette. Kulturminneforvaltninga kan knytast til det som miljøforvaltninga har kalla *økosystemtenester*. Kulturarvområdet kan her bidra til å konkretisera og utvikla dei kulturelle økosystemtenestene, spesielt knytt til det å lesa den historiske djupna inn i landskapet og slik gje ein djupare innsikt i kontinuiteten i samspillet mellom natur og kultur.

Fylkesrådmannen erkjenn at alt i dag går kulturminne tapt, anten gjennom klimarelaterte eller andre årsaker. Arkeologiske søk langs smeltande fonner og brear gjeve unike arkeologisk funn av organisk materiale. Slike søk sikrar funn og kjeldekunnskap om noko som forsvinn etter kort tid. Dette er noko som skjer no som følgje av rask endring i klima. Systematisk vedlikehald av bygg og ruinar møter på mange måtar nye utfordringar, der auka fukt og vind stiller kostnad knytt vedlikehald.

Endringar i klima har alt ført til eit våtare og varmare klima med auka nedbørsmengder og vind. Flaum, jordskred, tørkeperiodar gjev auka råtefare på bygg, attgroing av kulturlandskap vil skade kulturarven. Utfordringa er å møte desse endringane på ein effektivt måte innan kulturminnefeltet. Frå eit relativt stabilt klima dei siste 200 åra, har eit fuktigare og meir ekstremt ver gjort det nødvendig med eit nytt og sterkare fokus på kulturminne. Eit større tal kulturminne vil gå tapt i samband med endringar i klimaet. Nasjonal politikk på tap av kulturminne fordrar ein framover retta mot tilstandskontroll og vedlikehald. Det er og viktig å få på plass nasjonale strategiar for klimatilpassing på kulturminnefeltet. Vern, sikring og vedlikehald av kulturminna frå alle periodar gjev ulike utfordringar med omsyn til prioritering, ressursbruk og bruk. Realitetane er auka kostnader knytt til kartlegging, tilsyn og sikring mot brann, skred og flaum/vasshandtering. Forvaltning, drift, vedlikehald og skjøtsel vert vanskelegare og dyrare.

Ein måte å møte utfordringane er at ein framtidig kulturminnepolitikk går frå å ha ein reaktiv politikk, til ein meir pro-aktiv politikk. For å sikre investeringane som er gjort med å sette i stand kulturminner, ser Hordaland fylkeskommune at det kan vera rett å etablere tilskotsordningar for å stimulera til systematisk forvaltning, drift og vedlikehald. Endringane råkar gjerne ulikt frå region til region. Gjennom strategiar for klimatilpassing og risikoanalyser for kulturminne vil ein få kartlagt gjeldane problem og utfordringar frå region til region.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune meiner at ein må starta opp nasjonale prosessar for å møte klimaendringane og at strategiar for klimatilpassing vert forankra og tilpassa lokale og regionale utfordringar.

Kulturminne i by- og tettstad

Utfordringane for kulturminne i by og tettstad er sterkt knytt til økonomi og demografiske endringar. Fortetting i og kring eksisterande bysentra og tettstader, er på ei side ein ynskt politikk, som gjev gevinst på arealbruk og naturressursar, men gjev eit større press på kulturminne. Fylkesrådmannen meiner det er viktig at stortingsmeldinga søkjer leggja faglege premiss for og prioritering for kva kulturminneforvaltninga skal søkje verne og kva ein kan sikre gjennom til dømes kjeldevern - utgraving. I by og tettstader vil bygningsvernet alltid vera kontroversielt. Regelen er ofte at antikvarisk vern gjev mindre økonomisk avkastning. Fylkesrådmannen meiner at kulturminner og kulturmiljø må spela ei sentral rolle for å få ein meir berekraftig byutvikling.

Gjennom tidleg og tydleg dialog og medverknad får kulturminnevernet gjerne større aksept for å ta vare på kulturminneverdiane. Med meir fortetting kring sentra må arealplanar sikre vern av kulturminneverdiane på ein god og heilskapleg måte. Ein må prøve å systematisk forankre kulturminna i verne og bufferområde i politiske avgjersler. Eit sentrum med kulturhistorisk bygningsmiljø fortel staden sin eigen historie og er ein unik ressurs, som skapar attraktive miljø både for innbyggjarane og tilreisande. Korleis kulturminna kan utviklast som ein ressurs for samfunnet finns det mange gode døme på her på Vestlandet. Hotellkjeda *De Bergenske* og museet *Baroniet Rosendal* er begge gode døme på vellukka verdiskaping der koplinga mellom kulturminne, aktivitetar knytt til kulturliv, samt godt servicetilbod knytt til transport, mat og overnatting.

Kulturminner er ein felles verdi for samfunnet. Ei utfordring i kulturminnepolitikken i Noreg har vore å minimalisera tapet av verneverdige kulturminner. Slik tapt rammar i første omgang lokalsamfunna og folk sin rett til eigen kulturarv, historie og faste kulturminner. Retten til eigen kulturarv må samstundes vektast opp mot den private eigedomsretten. Dei siste åra har Stortinget arbeida med å stoppe spekulativ forfall gjennom endringar i plan- og bygningslova (§ 31-3) frå 2009 og i byggesaksforskrifta frå 2012, som gjer heimel til pålegg om utbetring av bevaringsverdige bygg. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at endringane har resultert i ein merkbar, ynskja effekt.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune ber departementet å greie ut og vurderer meir effektive verkemiddel for å hindre spekulativt forfall.

Kunnskapsbasert forvaltning

Kunnskapsbasert forvaltning er ein av hjørnesteinane i ein framtidsretta kulturminnepolitikk, der vern og virke og skal syne kulturminneressursane sine bidrag til samfunnet. Kunnskapsbasert forvaltning må difor sjåast i ulike steg. God oversikt på tilstand kan gje gode prioriteringar i politiske vedtak. Forvaltning gjennom vedtekne planar må difor ha eit godt grunnlag. Eit steg er at kulturminnevernet må ha gode og robuste fagmiljø innan sine respektive myndeområde, dette er med å sikre informasjon, verdisetting og oversiktlege prioriteringar. Kunnskapsbasert forvaltning vil og gjelda fornminne, i sær dei som ligg utsett til for konsekvensar for endring av klima. Ny stortingsmelding må slik vurderer korleis ein skaper gode regionale oversiktar som grunnlag for prioriteringar. Gjennom erfaringskompetanse vil kulturminnevernet stå sterkare i å møte utfordringar som kjem. Når kulturminnepolitikken skal ta omsyn til samfunnet dei skal tene vil det vera vesentleg at kulturminnevernet sikrar at prosessane kring kulturminna er i tråd med gjeldane lover og politiske forventningar om demokratisk deltaking.

Fylkesrådmannen meiner stortingsmeldinga må drøfta korleis kulturminneforvaltninga best kan dra nytte av akademia og forskingsmiljø. Noreg vil trenga betre statistikkgrunnlag og ein sterk forskingspolitikk som er potent og svarar i høve til kulturminnevernet sine behov. Hordaland fylkeskommune meiner det naudsynt å få ein auka samordning og kontakt mellom kulturminneforvaltninga, akademia og aktuelle FoU-miljø.

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune ber om at stortingsmeldinga gjer vurderingar av forskingsbasert forvaltning og korleis ein gjennom samhandling kan verka å styrka fagområda.

Kulturarven sitt samfunnsbidrag

Kulturarven skal vera aktuell i samfunnet og yta noko att til folk. Korleis ein skal imøtekomme dette er utfordrande. Fylkesrådmannen ser likevel at dette er eit grunnleggande prinsipp. For å møte noko av utfordringane må eksisterande kunnskap om kulturarven i større grad gjerast tilgjengeleg for samfunnet gjennom formidling og tilrettelegging. Hordaland har ein om lag 11000 år lang kulturhistorie, som både er kompleks og variert. Denne historia må nyttast som ressurs lokalt, anten det er knytt til skule, næring eller lokalt engasjement. Kulturarven får større tyngde i samfunnet, vert det ein viktig faktor på tvers av generasjonar og kulturarv i seg sjølv, eller arbeidet med, kan bli ein møteplass. Berre det å vandre gjennom lokalsamfunnet kan gje kunnskap om kulturarv knytt til staden sin historie og språk, samstundes som det kan vere ei friluftsoppleving. Folkehelseperspektivet har eit stort potensiale i ein ny kulturminnepolitikk. Eit samarbeide med kommunar, museum, frivillige lag og organisasjonar om informasjon, opplevingsverdi ovanfor grupper, som treng inkluderast, bli viktig.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune ber om at ein i ny kulturminnemelding drøftar samhandling mellom kulturminnevern, folkehelse og inkluderande arbeid.

Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg

Utviklinga har dei seinare åra vist at globalisering legg til rette for at store globale aktørar legg premiss for vala vi gjer. Dette er utviklingstrekk som legg press på mangfaldet, serleg i høve til tradisjonsuttrykk og

stadeigen kulturarv. For å kunne møte denne realiteten meiner Fylkesrådmannen at ny stortingsmelding må følge opp Unesco-konvensjonen sine krav til vern av den immaterielle kulturarven. Unesco-konvensjonen legg til grunn at det norske samfunnet må ha tiltak/reiskap for bevaring av sine immaterielle kulturuttrykk. Samstundes skal ein synleggjere og sikre respekt og aksept for ikkje-materiell kultur, som til dømes tradisjonshandverk, folkemusikk og munnlege forteljingar.

Tilliten til og trua på demokratiske prosessar er på vikande front fleire stader har Noreg eit særleg ansvar. Fylkesrådmannen ser at for å møte desse utfordringane må ein søkje å styrkje og utvikle det demokratiserte kulturminnevernet. Slik dette har utvikla seg i Noreg dei siste 150 åra. Dei store linene syner at utvikla har gått frå vern av enkeltståande monument til vern av større samanhengar (kulturmiljø - og landskap) og frå vern av vakre kulturminner til vern av eit representativt utval av minne frå heile historia. Kulturminnevernet har samstundes gått frå å vere ekspertstyrt til å bli eit politikkområde og frå å vere eit spesialistansvar til å bli allemannsansvar. Kulturminnevernet kan bidra med å skape eit godt samfunn, bygd nedanfrå. For styrka den demokratiske deltakinga må det oppmodast til at alle får delta i prosessen med å identifisera, undersøka, tolke, verne og formidle kulturarven.

Farokonvensjonen (2005) som rammekonvensjon om kulturarvens verdi for samfunnet flytta perspektivet frå objekt til menneske og samfunn. Konvensjonen legg til grunn at kulturarv er ein ibuande del av retten individa har til å delta i samfunnets kulturelle liv, jf. FN si menneskerettsfråsegn, artikkel 27 (1948), og garantert i Internasjonal konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettigheter (1966). Farokonvensjonen erklærer at kvar einskild, åleine eller saman med andre, har *rett* til å dra nytte av kulturarven i tillegg bidra til å gjera den rikare. Samstundes seier den at alle har eit *ansvar* for å respektere andre sin kulturarv.

Kulturminneforvaltninga i Noreg har vore knytt til både miljø- og kultursektoren. Miljøsektoren har i stor grad vore prega av kvantitative perspektiv prega av tall og objekt, mens kultursektoren har vore prega av meir kvalitative perspektiv prega av aktivitet og folk. Fylkesrådmannen meiner meldinga bør greie ut og å identifisere korleis kulturminne- og museumssektoren i sterkare grad kan koplast.

Kulturminneforvaltninga, musea og sivilsamfunnet kan alle bidra til å skape ei levande og kritisk offentlegheit. Kulturminnevernet må søkje å vere relevant og representativt for heile befolkninga. Fylkesrådmannen meiner at i prosessane med å definere og forvalte kulturarven er det naudsynt med ei brei involvering og inkludering. Satsinga på etablering av lokale kulturminneplanar er eit godt døme på korleis lokalsamfunn, frivillige lag og organisasjonar har vore mobilisert og har skapt brei, demokratisk deltaking i planprosessane. Ny stortingsmelding må i klartekst sikre ei demokratisering av kulturminnevernet. Fylkesrådmannen meiner at eit prinsipp om at «alle er viktige» er viktig. Kjensla av å kunne bidra seriøst både gjennom eit meir tradisjonelt miljøfokus – tilsyn og skjøtsel lokalt, men og det å ha gode aktivitetar knytt til kulturminne kan skape gode prosessar. Nasjonalt må ein i tillegg gjere tiltak for å betre tilgjengelegheita til kulturarven, serleg blant vanskelegstilte og blant unge menneske, dei som skal vidareføre arven.

Forslag til vedtak:

Hordaland fylkeskommune meiner at i prosessane med å definere og forvalte kulturarven er det naudsynt med ei brei involvering og inkludering.

Eit inkluderande samfunn

I eit samfunn i stadig utvikling må kulturarven sin verdi og potensiale igjen nyttast som ein ressurs for berekraftig utvikling og livskvalitet. Den nye kulturminnemeldinga skal setja lys på korleis kulturminner, kulturmiljø og landskap er viktige ressursar for samfunnet i dag. Den skal og seia noko om korleis kulturarven framover kan bidra til brei verdiskaping. Ei verdiskaping som inkluderer miljø, kulturelt, økonomisk og sosialt perspektiv, faktorar som gir grunnlag for god folkehelse.

Kulturminne og kulturmiljø er og ein integrert del av vårt fysiske miljø og sentral for å skape sjølvforståing, kjensle av kontinuitet og identitet. Når samfunnsendingane skjer raskt, offentlegheita vert meir polarisert, digitale ekkokammer veks fram og forskjellar, utanforskap og einsemd aukar, kan kulturarven som ein

samlende kraft vere med å motverke dette. Kulturminner er allemannseige og bevaringsarbeid skapar fellesskap og stadtilhøyrslar. Kulturminnepolitikken kan vere eit effektivt verktøy for å fremje ei positiv utvikling i samfunnet ved at kulturminner og bevaringsarbeid til dømes kan fungere som møteplass og arena for integrering. Ein føresetnad for integrering er deltaking. Ein vert heller ikkje integert før kulturen og staden er internalisert og blitt del av sitt eige sjølvbilet. Kulturminneforvaltinga kan difor bidra til å legge til rette for aktivt samfunnsborgarskap og utvikling av fellesskap på tvers av kulturar.

For ytterlegare å styrke samfunnsperspektivet i kulturminnepolitikken vil Hordaland fylkeskommune tilrå eit nytt, fjerde delmål i den nasjonale kulturminnepolitikken:

- 1.4. Eit inkluderande samfunn der kulturarven vert nytta til å byggje fellesskap, skape attraktivitet, stadtilhøyrslar og identitet.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune tilrår fylgjande nasjonale mål for kulturminnepolitikken i Noreg:

- 1 *Styrka innsats for å verne om og sikre kulturarven i Noreg*
 - 1.1. *Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.*
 - 1.2. *Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.*
 - 1.3. *Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.*
 - 1.4. *Eit inkluderande samfunn der kulturarven vert nytta til å byggje fellesskap, skape attraktivitet, stadtilhøyrslar og identitet.*

Ny kulturminnelov?

Klima og miljødepartementet viser ikkje til revisjon av lovverket i samband med ny stortingsmelding. Fylkesrådmannen ser det likevel som nyttig at ein ser på eksisterande lovverk opp i mot intensjonane i stortingsmeldinga. Kulturminnelova har i dag som premiss å sikre staten Norge sin kulturarv. Fylkesrådmannen er samd med departementet om at ein må bygge på tidlegare melding og erfaringar. Endring i lovverket vil etter vårt syn trenge ei brei og djupgåande utgreiing av funksjon og prinsipp. I tillegg må ein analysa kva som har fungert etter lova sin intensjon og kva som ikkje har det.

Fortidsminneforeningen har tatt til orde for at «*Fylkeskommunen/regionleddet trenger et juridisk virkemiddel som sikrer kulturminner av regional eller lokal verdi.*» Fylkesrådmannen er mykje samd i dette. I dag har både fylkeskommunane og Riksantikvaren motsegnmynde (plan- og bygningslova § 5-4) knytt til kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar, som kjem i konflikt med kulturminner av *nasjonal* og vesentlege *regional verdi*. I høve gjeldande kulturminnelov, med forskrift er det berre Riksantikvaren som er fredingsmynde. Praksis på feltet syner at mangfaldet av kulturminner som vert freda etter kulturminnelova er avgrensa og utvalet er ikkje representativt i høve geografisk, sosial, etnisk, nærings- og tidsmessig breidde. Etablert praksis stettar ikkje formålet med kulturminnelova (§ 1.1), at: «*Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning.*» Kulturminne av *regional* og *lokal verdi* kan i dag regulerast til vern av kommunane. Endring i nærings- og busetnadsmønster, saman med skiftande arealplanar og ein utbreidd kommunal dispensasjonspraksis, gjer likevel at bevaringsregulerte kulturminna ikkje har stabile rammevilkår. Ustabiliteten representerer i seg sjølv ein potensiell trugsel mot kulturminneverdiane, då denne kan vere med å skape insentiv til spekulativt forfall og svekke vilja til å gjere investeringar til istandsetting, gjenbruk/ny bruk og jamt vedlikehald. Regionalt har ein ikkje har noko gode verktøy for å sikre regionale kulturminneverdiar. Fylkesrådmannen meiner at det må vurderast om fylkeskommunane bør få eit sjølvstendig mynde knytt til freding av regionale kulturminneressursar som «*varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar.*» Ei føremon med ei slik endring er at dette vil skape føreseielege rammevilkår for både eigarar og lokal arealplanmynde. At regionalt folkevalt nivå får eit slikt verktøy vil óg vere med å styrke det demokratiske kulturminnevernet.

Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune meiner departementet må vurdere om fylkeskommunane bør få sjølvstendig mynde knytt til freding av regionale kulturminneressursar.